

Fra: Kjartan Rødland (kjartan.rodland@gmail.com)

Sendt: 06.07.2015 15:16:24

Til: Fylkesordfører

Kopi:

Emne: FESTMØTE FOR HFG - LITT HJELP TIL FORTENT SJØLVSKRYT!

Vedlegg:

Kjære fylkesordfører,

Med raus hjelp frå opplæringsdirektør Svein Heggheim, har vi – ein flokk tidlegare, no aldrande elevar – fått klarsignal til å halda eit festmøte for tidlegare Hordaland fylkeskommunale gymnas laurdag 29. august kl. 12.00 i det store auditoriet på Amalie Skrams vgs. Det er ikkje kvar dag slikt hender, det førre festmøtet som Hordaland fylkeskommune laga for skulen, var 24. juni 1950, då fylket overtok Det norske gymnas og realskule frå dei private eigarane – det var Vestlandske Mållag som stod for stiftinga i 1919.

Eg held no på å laga program, og eitt av punkta er sjølv sagt eit innlegg frå dei styrande i dagens Hordaland fylkeskommune, helst ein frå den politiske leiinga. Vi har tenkt oss at det bør vera eit innlegg med rikeleg sjølvskryt av fylkespolitikavane og fylkeskommunen, for det er det all grunn til! Sjølvskryt kjem nok frå hjartet, men eg hjelper gjerne til med nokre moment til velfortent skryt!

Truleg treng de ikkje stor hjelp til slikt, taletida vert på 20 minutt. Men eg hadde lyst til å nemna nokre punkt om det er interessant å høyra om:

- Hordaland fylke var heilt åleine i landet om å driva gymnas – og ikkje berre det: Fylket hadde også to fylkeskommunale realskular, ein på Lindås og ein på Stord. Staten hadde ein, statsrealskulen i Øystese, forutan landsgymnaset på Voss, og elles var det nokre av dei bynære, eller næringsrike kommunane som hadde slike tilbod, og sidan dei fekk tilskot, hadde dei plikt til å ta imot elevar også frå fattigare kommunar (eg gjekk sjølv realskulen på Dale i dåverande Bruvik, som var ein rik industrikommune, endå eg kom frå den lutfattige Evanger kommune).
- Skulen var eigd av Hordaland fylke, men tradisjonelt kom det mange elevar frå Sogn og Fjordane og frå Rogaland, han var ein Vestlandsskule, ikkje minst fordi han gav artium på 2 år, var ettermiddagsskule slik at mange kunne arbeida om føremiddgane, han hadde uvanleg gode resultat, ikkje minst fordi han brukte dyktige lærarar frå bergensskulane – lærarane var så dårleg betalte at dei gjerne tok timar på HFG.
- Det var ein god del strid om realskular og gymnas i Hordaland fylkesting, mange var redde for at han ville «lokka» ungdom bort frå bygdene, nokre sa at skulane gjorde ungdommen til «eksportvare» ut frå utkantbygdene. Ein digresjon: Ei austevolling, som seinare vart fiskemillionær, vart spurt om kvifor han ville til skule i byen, han var då ein dugande arbeidskar!
- Skulen var serleg viktig for å hevda bygdekulturen i ein svært sjølvmedviten storby, og var aldri berre ein «lekseskule», HFG hadde eit rikt sosialt liv med eigne mållag, fråhaldslag, folkedans, kor, idrett – og Bergen var ein god skuleby: Hyblar fekk du til frå 20 til 100 kroner måneden, middagsmat fekk du frå kjøkkensjefskulen på Rosenrantz til 2.25 kroner og kulturlivet var mykje brukt, til dømes med bygdelaga, skuleteater, harmonikonsertar og liknande.
- Korkje realskule eller gymnas gav lån eller stipend, bortsett frå nokre mindre, stort sett private, som anten var sosialt grunnjevne eller gjekk til «gåverik ungdom». Desse skuleslaga var rekna som «allmennutdanning», og fall utanfor statleg støtte til studiefinansiering. Det var ikkje uvanleg at elevar etter realskule og gymnas hadde privat gjeld på 10 000 kroner – og det var mykje pengar den gongen. Derfor var det viktig for elevane å koma inn på universitetsstudium som gav gode lønningar, serleg medisin, og då måtte ein opp i dei beste avgangskarakterane.
- Hordaland fylkeskommune var ein god skuleeigar, sjølv om økonomien var streng: Lærarane ved skulen hadde dei same lønnene som kollegar i byskulane. Eigentleg hadde fylket ikkje lovfesta plikt til å syta for skulegong: I 1962 var det berre helsestellet som tok større del av budsjettet enn skulane, skulane fekk meir enn til dømes vegar, som var ei fylkeskommunal oppgåve. Og mykje meir enn næringsvegar og kulturføremål. I 1962 var «repartisasjonsskatten», den som vart utlikna på kommunane, drygt 25 millionar kroner.
- Hordaland som skuleeigar sikta på ei framtid for skulen: Ei stor tomt på Landås var øymerkt til nybygg, ho vart seinare brukt til lærarskulen. Då skulle HFG gå over frå ettermiddagsskule til vanleg dagskule.
- Slutten på HFG var eit resultat av dei store reformane på 1960-talet. Med den nye kommuneinndelinga i

1964 fekk vi større kommunale einingar, som var skikka til å ta på seg større oppgåver, innføring av niårig einskapsskule gjorde at realskulane vart avløyste av ungdomsskulen, og reforma for vidaregåande skular gav tilbod om vidaregåande skule til fleire elevar, som ofte kunne bu heime framfor å verta hybelbuarar i 14-15 års alderen. Dei «eliteskulane» som vi hadde, serleg landsgymnasa, men også slike «studentfabrikkar» som HFG og Eids gymnas hadde ingen naturleg plass i systemet lenger, distriktsskulane kom i staden.

- Hordaland fylkeskommune var «gymnaseigar» berre i 15 år, men kam vera stolt over kor godt skulen vart teken vare på. I det første «fylkesåret» 1951 var det 19 elevar som tok artium tilsaman med engelsk og real, mot slutten var det over 70 artianar, fordelt på engelskline og to realklassar, i tillegg til drygt 50 frå toårig realskule. Så om Hordaland fylkeskommune vil gje skryt til seg sjølv, så gjeld det sanneleg vidaregåande skule i desse 15 åra!